2026-2027 - LOKAL PLAN FOR OVERGANG

FRÅ GARDSTUNET- TOMREFJORD- FIKSDAL og HELLAND BARNEHAGE TIL TOMREFJORD SKULE

I følgje rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver *«skal barnehagen i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning».* Difor ser vi det som viktig og ha gode nedfelte planar for korleis vi kan sørgje for at barna får ein trygg og god overgang til skulen.

Vidare står det i rammeplan at; «*Dei eldste barna skal ha moglegheit til å glede seg til å byrje på skulen og oppleve at det er ein god samanheng mellom barnehage og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gi eit godt grunnlag og motivasjon til skulestart. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner».*

(KD, 2017).

Tiltak	Ansvarleg	Når	Kor	Innhald og informasjon
Stadfesting av planen	Styrarar, rektor og SFO-leiar	August- september 02.09.2026	Tomrefjord skule	Planlegg datoar for året. Deler informasjon om det er barn med spesialpedagogisk ressurs.
Besøke Tomrefjord skule for førskulebarn. (besøk nr. 1)	Pedagogisk leiar på Litago / Marihøna følgjer barna.	I haustferien. 07.10.2026	Tomrefjord skule.	Sjå seg rundt på skulen, gjere ei lita oppgåve, uteleik. Felles for begge barnehagane.
Invitere førsteklassingane ved Tomrefjord skule tilbake på besøk i barnehagane.	Pedagogisk leiar på Litago / Marihøna sender invitasjon til kontaktlærar i 1.klasse: beate.neras@vestnes.kommune.no	Like etter haustferien. Onsdag 14.10.2026, kl. 09.00 - 12.00	I og rundt barnehagen.	Skape forventningar blant førskulebarna. Elevane i 1. klasse får fortelje om korleis det har vore å byrje på skule. Gjere ei lita samarbeidsoppgåve. Barna som har kome frå Helland blir fordelt mellom gruppene.
Tomrefjord barnehage invitera førskulegruppa i Gardstunet bhg på besøk.	Ansvarleg for førskulegruppa på Marihøna.	Oktober / november. Onsdag 25.11.2026	I og rundt barnehagen.	Bli kjend med kvarandre.

Møte om førskulebarna med kontaktperson frå PPT.		November. 11.11.2026, kl.09.30 - 10.30	I barnehagen.	Klargjere om nokon treng spesialpedagogisk hjelp på skulen frå hausten. Hugs samtykke frå foreldra. *I år er det to barn frå Helland med spesialpedagogisk ressurs.*
Evt. søke om spesialpedagogisk hjelp.	Styrar i lag med foreldra.	Innan 15.januar 2027.	I barnehagen.	
Foreldremøte på Tomrefjord skule	Rektor og SFO-leiar	Før vinterferien. Onsdag 17.02.2027, kl.18.00	Tomrefjord skule	Invitasjon blir sent ut til barnehagane som formidlar dette vidare til føresette. Sender ut referat i etterkant av møte, med informasjon om besøksdagar osb.
Besøke SFO (besøk nr. 2).	SFO-leiar invitera barna frå Gardstunet, Tomrefjord og Helland barnehage til besøk i SFO-tida.	Mars. Onsdag 10.03.2027, kl. 12.00 - 13.45	Tomrefjord SFO	Bli kjend på SFO.
Gardstunet barnehage invitera førskulegruppa i Tomrefjord barnehage på besøk.	Ansvarleg for førskulegruppa på Litago.	Mars. Onsdag 31.03.2027	I og rundt barnehagen.	Bli kjend med kvarandre.
Besøke Tomrefjord skule. (besøk nr. 3).	Rektor / lærar i 1. klasse invitera barn frå Gardstunet, Tomrefjord og Helland barnehage	Mai. Tysdag 04.05.2027, kl.10.30 - 13.30.	Tomrefjord skule.	Uteskuledag? – bli kjend. Tilsette frå Gardstunet og Tomrefjord følgjer sine grupper. Barna tar med uteklede, mat og drikke. *Det er 6 barn på Gardstunet, 10 barn på Tomrefjord og 2 barn på Helland bhg som skal starte på skulen til hausten 2027.*
Overføringssamtale frå barnehage til skule.	Rektor ved Tomrefjord skule.	Mai - Juni. Måndag 31.05.2027, kl. 12.00 - 13.30	Tomrefjord skule.	Gjennomgang av gruppa som skal begynne på skulen. Hugs samtykke frå foreldra.
Innskriving/ førskuledag. (besøk nr. 4).	Rektor ved Tomrefjord skule sender ut brev til dei som skal begynne på skulen med kopi til barnehagane.	Juni. Måndag 14.06.2027, kl. 09.00 - 12.00	Tomrefjord skule.	Samling for førskulebarna. Foreldra følgjer barna. Bli kjend med lærar og omgjevnadane. Kort foreldremøte i samband med dette.